



Årets fairplaylag i Bergen

Rosendal gutar 16 har vunne prisen til Årets fairplaylag som vert delt ut av fotballkrinsen etter søknad. På dette laget er det også eit solid innslag frå Uskedalen. og Kjartan Tungesvik, Hermund Døssland, Sondre Myklebust og Marius Myklebust har flest kampar bak seg av uskedelingane.

Prisen vert delt ut under Brann sin kamp mot Hønefoss på heimebane 27. oktober og laget få då sitja i losjen

Rosendal jobbar heile tida med å skapa gode haldningar. Rosendal G16 er 2 lag, 11ar og 7ar. Dei har fått tilbake spelarar som slutta for 3-4 år sidan men som vil vera med i gjengen og no er det fullt oppmøte på trening.

Trenar Raymond Olsen opplysar at dei har mykje fokus på haldningar. Dei takkar kvarandre for innsatsen etter kvar treningsøkt og legg vekt på rett ordbruk. På heimekampane har dei rullerande kampvertar der alle foreldra tek sin tørn.

Dei kokar kaffe til bortelaget og trenerteamet til heimelaget. Laget har oppskoren frukt til begge lag. Trenaren bakar kake til spelarane som har gebursdag på bortekampar.

Laget har eigen, lukka facebookside. Gutta stillar viljuge opp på dugnad. 2 spelarar har reist 8 mil tur-retur på trening og foreldra har køyrt grunna manglande kommunikasjonar

Av Ola Matti Mathisen